

STRANDA KOMMUNE
Øyna 13
6200 STRANDA

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 07/03493-55

19.05.2021

Ark.: 326.12 BS

Oppstart av namnesak 2021/246 – Kvitegga - Blåfjellet i Stranda kommune

Kartverket har fått inn fleire meldingar i Rett i kartet om feil på namn i Stranda kommune. Dei gjeld rett form av namnet på ei seter, rette namn på fjell, og tradisjonelle namn og nyare «turistnamn» på nokre av attraksjonane langs Geirangerfjorden.

Kartverket har vore i kontakt med Stranda kommune ved Elisabeth Opsvik, og vi vart samde om å reise namnesak på fjellnamna og namnet på sætra. Namna langs fjorden er først og fremst eit spørsmål om visning på kart, og blir ikkje del av saka, men nedafor gjer vi greie for visningane som er valde.

Statens kartverk sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Saka gjeld følgende namn:

1. **Møllsætrane – Møll(s)sætra** (seter opp for Geiranger)
2. **Kvitegga – Blåfjellet** (fjell opp for Ljødalen)
3. **Blæja – Litlenibba** (grensefjell mellom Stranda og Volda)
4. **Blåfjellet – Holtafjellet – Storsvornibba** (grensefjell mellom Stranda, Volda og Stryn)

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av naturnamn og seternamn. Før vi gjør vedtak, har kommunen rett til å uttale seg, og lokale organisasjonar har rett til å uttale seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til.

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Derfor ber vi om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er det lokale namnet og den lokale dialektuttalen.

Vidare skal ein som hovudregel følge gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 første ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skyggje for meningsinnhaldet i namnet.


Opplysningar om namna i saka

Ein kan søke opp offisielle stadnamn i www.norgeskart.no/ssr/.

Namneinnsamling frå Høgskulen i Volda i fylkesatlas: https://www.fylkesatlas.no/stadnamn_alle

1. Møllsætrane – Møllssætra

Skrivemåten *Møllsætrane* vart vedteke for namnet på denne setra i 1995. Terje Drege Rusten opplyser at eintalsforma *Møll(s)sætra* blir brukt lokal. Innsamlingane i fylkeskart har også eintalsform: *Mølls-sætra*. Skrivemåten med bindestrek skal truleg få fram at det er binde-s i namn der *Møll* er førsteledd: *Møllsmyrane*, *Møllsvatnet*. Kartverket foreslår skrivemåten *Møllssætra* dersom eintalsforma er rett.



2. Kvitegga – Blåfjellet

Elsa Ljøen opplyser at det tradisjonelle lokale namnet på fjellet på toppen av Ljødalen er *Blåfjellet*, ikkje *Kvitegga*, som står på Kartverket sine kart. Dette blir stadfest av Odd Normann Hoff, som leier ei stadnamninnsamling i Hellesyltområdet. Rektangelmålinga frå 1870 har *Blaafjeld*, mens alle utgåver av Norge 1:50 000 frå 1974 har *Kvitegga*.



3.

4. Blæja – Litlenibba

Fjell kan ha ulike namn sett frå ulike sider. Odd Normann Hoff opplyser at grensefjellet mellom Stranda og Volda som står som *Blæja* på kartet, heiter *Litlenibba*, uttala *ihlenebba*, frå Norangsdalen. Om namnet blir stadfest, kan det registrerast som sidenamn til Blæja, slik at begge kjem på kart.



5. Blåfjellet – Holtafjellet – Storsvornibba

Både *Blåfjellet* og *Holtafjellet* er registrert i sentralt stadnamnregister for dette grensefjellet mellom Stranda, Volda (Hornindal) og Stryn. Odd Normann Hoff opplyser at fjellet blir kalla *Storsvornibba* frå Røyhusdalen.



Kartverket har fått inn opplysning frå tidlegare Hornindal kommune at fjellet er kalla *Holtafjellet* av honndølar og antakeleg *Blåfjellet* av stryningane. Rektangelmålinga frå 1870 har *Holtenfjeld*, alle utgåver av Noreg 1: 50 000 frå 1972 til i dag har *Holtafjellet* og *Blåfjellet* som sidenamn.

Dersom namnet *Storsvornibba* blir stadfest, skal det også registrerast på i sentralt stadnamnregister. Så får Kartverket i samband med kommunane ta stilling til om alle tre namna skal stå som sidenamn og visast på kart.

Kartvisning av tradisjonelle namn og «turistnamn» i Geirangerfjorden

Lov om stadnamn § 3 vernar tradisjonelle stadnamn. Nyare namn som kjem inn t.d. med turisme, får ikkje fortrenge tradisjonelle namn, men kan registrerast i tillegg. Etter innspel frå Terje Drege Rusten er tre lokaliteter i Geirangerfjorden registrerte slik:

- **Stekkegjølet** (hovudnamn, tradisjonsnamnet) – **Helvetesgjølet, Djevlegjølet** (undernamn, nyare turistnamn)
- **Friaren – Geitfossen** (sidenamn, *Geitfossen* er tradisjonsnamnet)
- **Dei sju systrene – Knivsflåelvane** (vedtekne sidenamn)

Ved hovudnamn – undernamn kjem berre hovudnamnet på kart, men ein kan søke alle i www.norgeskart.no. Ved sidenamn kjem begge/alle namna på kart.

Fylkeskartet har bare *Stekkegjølet* og *Geitfossen*, men har både *Sju systrer* og *Knivselvane*.

Vidare saksgang

Kommunen har ansvaret for å kunngjere at namnesaka er reist, t.d. ved notis i ei lokalavis og på nettsidene sine med høyringsfrist. Det er bra om kommunen sender brevet til aktuelle lokale lag og personar med som kan ha interesse av å uttale seg i saka.

Kommunen har òg ansvaret for å hente inn og samordne dei lokale høyringssvara når høyringsfristen er ute. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo* (*post@sprakradet.no*), med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå kommunen får dette brevet.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Brevet går i kopi til Volda og Stryn kommunar, ettersom saka gjeld namn på to fjell på kommunegrenser. Dei namna som allereie er registrerte, blir ikkje tatt bort, det er snakk om å registrere namn i tillegg. Men Kartverket tar gjerne imot innspel om kva for namn som er brukt lokalt, og som bør visast på kart.

Venleg helsing

Kari Aalvik Buset
fylkeskartsjef

Berit Sandnes
stadnamnansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi Elisabeth Opsvik, Stranda kommune
SPRÅKRÅDET
VOLDA KOMMUNE
STRYN KOMMUNE

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)

Rektangelmålingar frå 1870 som det er vist til:

<https://kartverket.no/om-kartverket/historie/historiske-kart/soketreff/mitt-kart?mapId=9195>

<https://kartverket.no/om-kartverket/historie/historiske-kart/soketreff/mitt-kart?mapId=9185>